

# Osingen



Årsskrift 1992  
Utgjeve av Os Mållag

# Osingen

Utgeve av  
Os Mållag

# 1992

## INNHALD:

Elias Hansen:  
Jolereet syng ..... side 1  
med føreord av Margit Tøsdal

Einar Ekerhovd:  
Kreativ ungdomskultur  
med stø kurs! ..... side 2

Gustav Moberg:  
"Lys og sorgfri alderdom"  
– Os gamleheim er 60 år ..... side 6

Henning Henriksen:  
Lysøen – kultursentrum  
og turistattraksjon ..... side 9

Jimmy Øvredal:  
Neven ..... side 11

Barnesider ..... side 12  
Elevar frå klasse 5B, 6A og 6B  
ved Kuventræ skule

Erik Vangsnes:  
Scener frå teatersoga  
i Os før "Fritio" ..... side 16

Elias Hansen:  
Farvel til emigranterne ..... side 19

Gudrun Heggland:  
Os Turlag ..... side 20

Henning Henriksen:  
EWOS forskningsstasjon  
for betre fiskehelse ..... side 22

## Framsida:

Lysøen - kulturminne i Os  
Foto: Kåre Dalland.

## Skriftnemnd:

Samson Bjørke  
Henning Henriksen  
Kåre Herdlevær  
Margit Tøsdal

## Trykk:

Risan Trykk As - Hjelle, 5200 Os

Kr. 25,-

# Til lesaren

Dette er åttande gongen «Osingen» ber inn til møte med lesarane sine. Rett nok ikkje noko jubileum, men likevel såpass mange år at årsskriftet har fått eit tradisjonelt preg over seg. Vi vonar difor at lesarane, som det er mange av, tek imot innhaldet på same positive måte som tidlegare.

Framsida er endra i år igjen. Å nytta same framsida år etter år har hatt sine praktiske føremonar. Men tilbakemeldingar vi har fått om at «dette bladet har vi kjøpt før», har fått oss til å endra standpunkt. Vi vonar lesarane tek vel imot bladet likevél.

«Osingen» skal aldri verta noko «Se og Hør» eller etterapa den kulørte vekepressa. Vi har tatt mål av oss til å gje lesarane lettlesne artiklar både om det som har meir historisk verdi og det som rører seg i kommunen i vår tid. Dette er ei målsetjing til skriftnemnda og for Os Mållag, som står som formell utgjevar av årsskriftet.

Årsskriftet har såleis eit dobbelt mål. For det er ikkje «å stikke under ein stol» at eit anna mål er å fremja den nynorske skriftkulturen. Dette er særleg viktig i ein kommune med så sterk påverknad på alle område når det gjeld skriftspråket.

Vi er svært glade for at så mange verksemder i kommunen er med på å støtta utgjevinga av årsskriftet ved å ta lysingar. Alle som arbeider med slike skrift veit at eit viktig økonomisk fundament er støttelysingar. Vi takkar dei som gjennom åra har støtta oss på denne måten.

Vi ønskjer lesarane våre ei hyggjestund med «Osingen». Bruk årsskriftet også som ei helsing til slekt og vener både i inn- og utland. Vi veit at stoff frå heimekommunen vert teke særleg vel imot av utflyttarar.

GOD JUL!

*Helsing frå skriftnemnda*

## Helsing

Til .....

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå .....

# Dikt av Elias Hanssen (f. 1840 - d. 1915)

av Margit Tøsdal

Skriftnemnda har i ei årrekke prøvd å gjera lesarane kjende med dikt av nye lyrikarar frå Os.

Denne gongen har vi valt å presentera ein lokal lyrikar frå førre århundret, nemleg Elias Hanssen. Han var lærar i Hegglandsdalen, og han gledde si samtid med vers og dikt om aktuelle hendingar.

I 1916, året etter hans bortgang, samla sonen, den kjende amatørbotanikaren Olaf Hansen, dikt etter faren og ga dei ut under tittelen «Femti dikte». Mange av dikta er henta frå dagspressa, – andre frå privat eige.

Smakebitane attgjevne her viser hans tankar i tida, t.d. om den vemodige utvandringa i førre århundret.

Eit hyldningsdikt til Eilert Sundts minne kan vera av historisk interesse, sameleis og diktet «Mindekrans til Os Gamle Kirke» (1871).

Av språkleg interesse kan nemnast at dei to siste dikta i samlinga er skrivne på nynorsk.

Legg merke til endringa i språkføringa frå bokmålet til heimemålet!

Boka fins i Os folkebibliotek, som gåve frå Elias Hanssen sine etterkomarar, til glede for kvar den som har sans for lyrikkens blå blomster.

## JOLETREET SYNG

av Elias Hansen

*Eg vilde deg minna um skogen, som skein  
heilt nyfødd paa skapelsesdagen!  
Um livstre – som stod med si skinande grein –  
og blømde i paradishagen!*

*Det ljøsuar i lid  
um vettertid,  
naar stjerna fraa Bethlehem gjeng fyrbi.*

*Eg vilde deg minna, kor daarlegt det gjekk  
med hine, som lèt seg bedraga.  
Si berlend og armodsdøm skoda dei fekk  
og vart so av hagen utjagad!*

*Det ljøsuar o. s. b.*

*Eg vilde deg minna um livet, som drog  
seg saart gjennom tidarnes villa;  
um skuldi og straffi som herja og slog  
og ikkje gav fred helder kvila.*

*Det ljøsuar o. s. b.*

*Men no vil eg minna um englar, som song  
paa Bethlehems mark, so det glømde.  
Naar livstre rann upp ut av krybba so trong  
og skein yver jordi og blømde.*

*Det ljøsuar o. s. b.*

*Aa hev du han sakna – din frelsar og ven –  
– du tyktest, det varde ei æva! –  
No kjem han med solskin til gard og til grend.  
no er det vel hugnad aa leva!*

*Det ljøsuar o. s. b.*

*Lyft auga dit upp, der gjeng ljøs yver land!  
– Han kjem paa so ymse slags maata.  
Han rekk deg nok enno ei frelsande hand  
og difyr, so tarv du kje graata.*

*Det ljøsuar o. s. b.*

*Nei, no maa du syngja – du jordlivets flokk,  
som fuglar i trei um vaaren!  
Sjaa, livstre det blømar! Kom hit, her er nok  
av blommar, som løyna kan taaren!*

*Det ljøsuar o. s. b.*

*Kom gamle og unge, kom store og smaa,  
tak frelsaren kjærlegt i famnen!  
Daa kan du eingong, som eit joletre staa,  
naar livstreet deg lyser i hamnen.*

*Det ljøsuar i lid  
um vettertid,  
naar stjerna fraa Bethlehem gjeng fyrbi.*

# Kreativ ungdomskultur med stø kurs!

*Eit blick inn i det kristne ungdomsarbeidet i Os*

*av Einar Ekerhovd*

Os kyrkjelyd har vore ein pionerkyrkjelyd når det gjeld å satsa på dei unge. Som ein av dei fyrste kyrkjelydane i landet tilsette dei eigen ungdomsprest for godt og vel ti år sidan. Ungdommen var ein ressurs som ein ville bygge på i kyrkjelydsarbeidet. I dag ser ein resultat av denne medvitne satsinga

Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden femner vidt med omsyn til arbeidsgreiner og metodar. Kor, klubb, speidar og sjølv har vore område som det er satsa på. M/K Osing var lenge eit flaggskip i ungdomsarbeidet på meir enn ein måte. I 15 år var båten eit nyttig reidskap i ungdomsarbeidet, men etterkvart vart vedlikehaldsbudsjettet for stort til at det var forsvarleg å fortsette drifta. Men det gjekk ikkje lenge før nokre driftige ungdommar skaffa seg ein ny båt. Det var nok mange som lo då dei såg den nye skuta klappa til kai ved Os-kaien for første gang.

Med glorete fargar og eit styrehus som likna ei gammal pølsebod var det ikkje akkurat ein estetisk nytelse. Men la ungdommane få nokre år på seg, og dei vil kunne syne fram ei stolt skute.

I mi tid som ungdomsprest i Os har det vore mange sterke opplevingar saman med desse unge. Full av kreativitet og pågangsmot har dei sett seg mål og gått i gang med oppgåver som ein middels realist berre ville ha rista på hovudet av.

Det kunne vere mange ting og episodar som kunne vore tatt med i ein slik artikkel, men la meg konsentrere merksemda mot ein del av arbeidet som har vakse dei siste åra. «Join us» Ten Sing er blitt ein vesentleg faktor i ungdomsmiljøet i Os, ja langt utanfor kommunen sine grenser.

## **Ein ny merkedag**

Sundag 11. oktober 1992 var ein ny merkedag for dette koret. Det var 15 slitne, men oppglødde ungdommar som sette kur-



*Ten Sing prosjekt, Estland -92.*



*Join Us: Estland sumaren -92..*

sen tilbake til Os etter å ha vore ei helg i Tallinn, Estland for å starte tilsvarande Ten Sing arbeid der.

Norges KFUK-M, som Ten Sing er ein del av, har dei siste åra hatt fleire prosjekt i utlandet for å starte Ten Sing. «Join us» Ten Sing er det første koret som åleine tek på seg ei slik oppgåve. Etter ein vellukka turné med koret på sumaren vart tre unge utsendingar frå koret plassert i Tallinn dette skuleåret. Saman med desse drog ei prosjekt-gruppe frå «Join us» over for å starte Tallinn Ten Sing. Spente og med varierende forventning møtte dei eit uvant miljø og andre levekår enn det som vi er vane med.

Etter ei helg med hard jobbing og lite anna kunne ein tilfreds konstatere at Ten Sing også var liv laga i Tallinn. 120 unge estlendarar hadde hatt sitt første møte med den kreative ungdomskulturen som Ten Sing er. At Ten Sing slo an var kommentaren frå ei av dei som takka etter seminaret eit prov på: «You have been given us the happiest Week-end in our lives!»

Men det har vore ein lang veg å gå for «Join us» å komme til dette nivå.

### **Nedgang og oppgang**

Det var ein liten flokk frusterte tenåringar som starta prosessen. Etter at koret hadde minka til 25 medlemmer fann dei ut at tida var inne til å gjere noko drastisk. I sta-

denfor å fokusere på alle negative sider og problem begynte dei å sjå på muligheter og leite opp ressurser. Denne mentale forandring var det viktigaste som skjedde. Derneft sette ein seg konkrete mål som ein skulle nå innan nokre få år. Med liv og lyst og ungdommeleg pågangsmot gjekk ein til verket. Opplevinga av at det gjekk rette vegen var som olje i maskineriet, og kjensla av å lukkast gav ny kveik.

I dag tel koret over 100 medlemmer og er organisert på ein måte som gjer at dei fleste kjenner seg nyttige og viktige. Ikkje minst dette siste er viktig og er med på å utløyse dei ressursar som ungdommen har i seg.

Med det kristne synet på mennesket er dette ein naturleg tankegang. Vi er det ypperste av det Gud har skapt. Han har lagt ned i oss forskjellige evner og gåver til å bruke for kvarandre. I eit fellesskap av menneske er vi alle små brikker som tilsaman dannar eit mønster, og vi veit at ingenting er så frustrerende og irriterende som når ei lita brikke manglar i eit puslespel. Denne tankegangen er med på å framheve sjølv dei minste oppgåver som vesentlege for heilskapen. Alle er like viktige og alle har like stor del av æra når noko lukkast.

### **Trekanten som symbol**

Ei anna side av det kristne menneskesynet er også med på å prege dei metodar vi



*Dolfus.*

bruker i arbeidet. Trekanten er eit symbol for Norges KFUK-M og dette symbolet er eit uttrykk for oss menneske. Ein trekant er berre ein trekant når alle sidene er med, og eit menneske er berre eit heilt menneske når både ånd, sjel og lekam vert tatt på alvor. Det er ei stor utfordring å ivareta alle desse sidene på ein gong. Vi er ofte flinke til å ta vare på vår kropp. Daglege doser med føde og meir eller mindre regelmessig trim sørger for at kroppen fungerer nokonlunde slik som den skal. Tankar og kjensler steller vi også godt med ved å sørge for å halde hjernen i aktivitet og stadig oppleve nye ting anten det er ved å lese ei god bok, sjå ein film eller delta i eit sosialt fellesskap. Den åndelege sida ved oss menneske vert ikkje alltid like godt passa på, men den ligg der som ei indre uro og ein søken som vi ikkje heilt får tak på.

Det kristne ungdomsarbeidet som vert dreve gjennom Ten Sing vil ivareta alle desse sidene. Og det fins uttallige eksempel på at dette er riktig og viktig for dei unge. I ei tid med aukande frustrasjon hjå mange unge og ei nysgjerrig eksperimentering med det okkulte er det nødvendig at vi kan vere med på å peike på åndelege verdiar som gjev tryggleik og fred i sinnet. Heller ikkje

unge menneske lever i eit åndeleg vakum.

Det er ikkje nok for eit kristent ungdomsarbeid å berre vite om dette grunnlaget for arbeidet. Også her er det eit konkret arbeid som må gjerast. Ingenting gjer seg sjølv og fine teoriar skaper ingenting før dei vert sett ut i livet og praktisert.

### **Tre stikkord**

Kristus – kreativitet – kultur er tre stikkord som går igjen i gjennomføringa av Ten Sing-ideen. Gjennom at ungdommen får utfalde seg og bruke sine evner innanfor song, musikk, dans, drama, organisering og teknikk er vi med på å skape ein ungdomskultur som kan vere ei motvekt mot mykje av det kulturelle søppel som blir pøst inn i dagens ungdomskultur. Men ungdommen sjølv må skape denne motvekt. Dei må bevisstgjerast på at det fins noko som bryt ned og noko som bygger opp. Alt er ikkje like bra.

Som ungdomsprest har eg kunna følgt denne kulturen på nært hald. På den eine sida har miljøet i Ten Sing vore med på å løyse opp falske bindingar og på den andre sida har miljøet vore med på å sette grenser. Livet er meir enn «sex, drugs and rock'n roll».

Eit stikkord for arbeidet har vore: «Skal noko bli gjort så må det gjerast!». Og vi kan føye til: gjerast av ungdommen sjølv. Svært mykje av ungdomskulturen i dag er passiviserande. Det gamle ordtaket om at alt godt kjem ovanfrå er ikkje lenger heilt sant i vår paraboliske tid. Vår tids husgud drep initiativ og isolerer også unge menneske frå eit aktivt fellesskap der ein kan ta ansvar. Ten Sing kan fungere som eit rehabiliteringssenter for unge med paraboliske symptomer. I dag så er oppgåvene i Ten Sing fordelt slik at ca 40 forskjellige ungdommar har konkrete oppgåver som dei må gjere for at fellesskapet skal fungere. Med ei slik stor spreiding av konkrete og begrensede oppgåver og ansvar er det aldri vanskeleg å få dei unge til å engasjere seg. Når mange drar lasset saman eit lite stykke om gongen, vert det ikkje så vanskeleg å nå det mål ein set seg dersom ein i tillegg er litt tolmogig.

### Ansvarsfordeling

Eit bilde som kan forklare og vere med på å forstå ansvarsfordelinga hentar vi frå fotballarenaen. Vi ser på oss sjølv som eit fotballag med forsvarsspelarar, midtbane og angrep. Målet er å føre unge menneske fram til eit levande fellesskap med Kristus. Konsertarbeid, andakter, bibeltimar og kristent fellesskap er angrepsspelet som

foregår innanfor sekstenmeteren.

Vingspelet, som leverer ballar inn framfor mål, er alle dei aktivitetar med dans, drama, musikk og kreativ utfolding. På midtbanen har vi dei som skal organisere og legge til rette arbeidet: styre, utval og komitear. Og backrekka ivaretar omsorgsfunksjonane i miljøet. Med dette bilde levande for oss ser kvar si oppgåve i heilskapen og kjenner sin plass på laget.

I Ten Sing er eit ungdomsarbeid for dei unge av dei unge, men klart det er behov for vaksenleiarar i eit ungdomsarbeid også. Det trengst vaksne menneske som kan stå der som ein støttespelar og ressurs dersom det skulle bli problem av noko art, men det trengst ikkje vaksne som skal inn for å gjere det på sin måte. Det er ikkje det ein gjer som er det viktigaste, men at ein er der. Av og til trengst det litt oppmuntring til å stå på vidare, av og til må ein dra litt i taumane for å stoppe opp litt.

Ein kreativ ungdomskultur med stø kurs er målsettinga for det kristne ungdomsarbeidet i Os. Langt på veg har vi lukkast, men kan aldri slå oss til ro med det. Eit dynamisk ungdomsarbeid må alltid sette nye mål å strekke seg etter. Det første teikn på stagnasjon er at ein er vel nøgd med tingenes tilstand. Det har ikkje ungdommen i Os fortent.



Ten Sing prosjekt, Estland 92

# «Lys og sorgfri alderdom» - Os gamleheim er 60 år

av Gustav Moberg

**PGF 1. Hjemmet eies av Os herred. Dets formål er at ta imot enslige og trengende gamle fra hele bygden og gi dem en lys og sorgfri alderdom med tilsyn og pleie på hjemmet.**

Slik lyder føremålsparagrafen for Os Gamleheim som i år har vore i drift i 60 år. Statuttane for gamleheimen vart vedtekne av heradstyret den 22. mars 1932. Då hadde heimen vore i drift sidan årsskiftet og Osbygda hadde gjort eit stort sosialt og humanitært framsteg.

I første bindet av Os saga som Nils Tveit gav ut seinare same året, står det eit bilete av gamleheimen med slik billettekst: «Gamleheimen der dei gamle fatige no kann få bu.» Det seier noko om skilnaden i synet på eldreomsorg den gongen og i dag - og noko om ordval og uttrykksmåtar den gongen og i dag. Det var først og fremst tale om eit tiltak for å hjelpa dei som var dårlegast stilt økonomisk og mindre tale om ei eldreomsort som skulle gjelda alle. Og dei gamle vart kalla gamle - ikkje eldre som er vanleg i dag. Dei fattige vart kalla fattige, røyndommen vart ikkje tilsløra med fine ord.

## Vanskeleg tid

Det var ei vanskeleg tid med mykje fatigdom for seksti år sidan. Arbeidsløysa i Noreg var på omkring 30 prosent av arbeidsstyrken, trygdeordningane var enno svært lite utbygde. For dei gamle som ikkje hadde eigelegdom og ikkje hadde makta å spara opp noko til alderdommen, kunne livskvelden bli kald og vond. Trygder eksisterte ikkje. Amtmannen i Bergen, Jørgen Aall, hadde så tidleg som i 1844 reist tanken om ei trygdeordning for «de mindre bemidlede», men det vart med tanken. Ei lov om alderstrygd var vedteken av Stortinget i 1923, men vart ikkje sett i verk fordi dei styrande fann at samfunnet ikkje hadde råd til slikt. Først i 1936 kom alderstrygda i gang - fire år etter at osingane hadde teke i bruk gamleheimen.

I Os som i andre bygder hadde bøndene frå gammal tid hatt kårordninga for sine

gamle. Når dei gamle ikkje lenger makta driva garden, kom dei på kår som det heitte. Dei fekk husrom på garden og ein del naturalytingar. Ungefolket overtok garden. Det var altså ei pensjonsordning.

Anneleis var det for «de ubemidlede», dei som ikkje hadde eigelegdom og ikkje hadde hatt noko å spara til dei vart gamle. Aller verst var det for dei som ikkje hadde barn eller andre slektningar til å hjelpa seg. For dei var det ei ordning som vart kalla legd eller omgangslegd. Den galdt ikkje særskilt for gamle, men for fattigfolk i det heile. Dei som kom «på legd», fekk tak over hovudet rundtom på gardane og ein del matvarer, etter ei liste som det kommunale fattigstyret hadde sett opp. Omkring år 1900 vart det slutt på ordninga med legd. Folk som ikkje kunne greie seg sjølv, vart i staden tilvist bustad i små hus eller hytter som kommunen sytte for.

## Frøet vert sådd

Etter kvart kom det eit anna syn på eldreomsorga. I det kommunale fattigstyret vart Vinsjans Lien formann i 1913. Han tok straks opp tanken om å byggja ein gamleheim i bygda, men i krigsåra 1914-18 var det ikkje lett å skaffa pengar til eit slikt føremål. Andreas Aamot som vart sokneprest i Os i 1915, vart seinare formann i fattigstyret og han fekk meir fart i gamleheimssaka. Han fekk sett i gang innsamling av pengar, og innsamlinga gjekk sin gang i dei vanskelege 1920-åra. Særleg store tilskot kom frå skipsreiaren og politikaren Johan Ludwig Mowinckel og kona hans, Julie Mowinckel, eigarane av Moldegaard, og frå Martha Lekven. Likeeins kom det store summar frå osingar som hadde flytt frå bygda.

I 1930 kom det også i gang ei gamleheimsföreining som arbeidde for å samla





inn pengar, og på denne tida var dei komne opp i slike summar at dei kunne gjera alvor av planane. For oss som er vane med at det blir teke opp lån til alle store investeringar, er det bortimot utruleg at dei i dei dårlege tidene makta å reisa gamleheimen utan å låna og altså utan å tyngja drifta med gjeld og renter!

### **Byggjearbeidet i gang**

Arkitekt Jens Munthe Bull i Bergen vart engasjert til å planleggja bygget. Arbeidet vart sett i gang i 1931 med forvaltaren på Kysthospitalet i Hagavik, Lars Askvik, som formann i byggjenemnda. Ved årsskiftet 1931-32 stod den vakre bygningen ferdig. Byggjekostnaden var 80.000 kroner. Det svarta til om lag 2-3 års sosialbudsjett i Os i den tida.

Det hadde først vore tale om å byggja gamleheimen på ei tomt ved Fagertun, men dei kom til at det var for langt borte frå sentrum. Dermed vart det til at gamleheimen vart reist i Oshaugen, på eit areal som vart skilt ut frå prestegarden.

Heimen hadde plass til 24 gamle som budde to og to på rommet. Gamleheimen var ikkje berre for «de ubemidlede». Også folk som sjølve kunne betala for seg, fekk plass der. Betalinga første året var 40 kroner månaden. Til samanlikning: Styraren

på heimen hadde ei løn på 90 kroner månaden. Det var også ei sjukeavdeling med 5-6 plassar. Os Sanitetsforening skaffa pengar til utstyr på avdelinga.

### **Meir plass – men...**

Mindre enn ti år etter opninga vart det trong for meir plass. Sommaren 1941 vart tanken om eit tilbygg teken opp i styret for gamleheimen. Heradstinget som det då heitte, gav styret fullmakt til å arbeida vidare med saka. Arkitekt Bull vart engasjert på nytt og arbeidet vart lyst ut på tilbod. Det var tale om byggjekostnader på omkring 50.000 kroner. På den tid var gamleheimsfondet - dei innsamla pengane - på omkring 33.000 kroner, så eit tilbygg kunne langt på veg finansierast av fondsmidlar. Men det var krig og vanskeleg å få koma i gang med bygging når okkupasjonsmakta skulle ha det meste av ressursane til sine bygg og anlegg. Det fortel litt om vanskane at arkitekt Bull i eit brev til byggjenemnda i juli 1941 måtte seia seg lei for at han ikkje kunne koma til møte i byggjenemnda i Os på grunn av reiserestriksjonane styresmaktene hadde sett i verk. Vanskane vart så store at utbyggingsplanane måtte leggjast bort våren 1942.

I midten av 60-åra vart det arbeid med planar om å byggja ei pleieavdeling i gamle-

heimshagen, men det kunne ikkje bli meir enn 24 plassar der. Det vart for lite, så desse planane vart heller ikkje noko av.

### Nye krav – nye planar

Byggjearbeid vart det ikkje på gamleheimen før i 1973, men då vart det ikkje noka utviding. I staden vart heimen ombygd slik at det vart færre plassar enn det før hadde vore. Det var nye tider og nye krav. No vart tomannsromma bygde om til einerom og det vart betre med toalett- og vaskerom. Etter ombygginga fekk heimen plass til 14-15 gamle, men på denne tida vart sjukeheimen bygd på Vestre Lurane. Dei gamle som var sjuke eller trong hjelp til det meste, kom no til sjukeheimen. Gamleheimen er staden for dei gamle som for det meste greier seg sjølve.

Dei planane som er aktuelle i jubileumsåret er å byggja trygdebustader på ein del av arealet til gamleheimen. Det har vore ulike meiningar om ei sterkare utnytting av arealet, men tanken er å gjera det slik at den staselege bygningen frå 1932 framleis skal koma til sin rett og at dei gamle framleis skal ha fritt utsyn til skulen og skuleplassen. - Det er viktig for dei, fortel styraren på heimen, Jenny Storum. Dei gamle gler

seg kvar gong skulen kjem i gang att etter ferien - då blir det meir liv og røre å følgja med på.

I dag ville ein aldersheim vorte bygd annleis, med eigne toalett og vaskerom til kvart rom og med meir plass til fritidsaktivitetar enn gamleheimen har. Men trass i alt fungerer den seksti år gamle heimen greitt den dag i dag, seier Jenny Storum. Han ligg fint til i eit triveleg strøk, sentralt og likevel fredeleg, og han er ikkje større enn at han er som ein verkeleg heim for dei som bur der.

Og Os Gamlehjemsforening - som altså er to år eldre enn gamleheimen, er framleis i sving, med møte ein gong i månaden. Det er eit viktig sosialt innslag, men enno driv dei også med det som i si tid var med og skaffa pengane til bygginga - basarar til å finansiera turar og andre tiltak.

Ei av dei som stadig er med der, er Olga Iversen, betre kjend for generasjonar av osingar som søster Olga. Ho var styrar av gamleheimen frå 1936 til 1972 - ein institusjon i institusjonen gjennom dei tronge tidene i mellomkrigsåra, gjennom dei harde okkupasjonsåra med mangel på det meste og heilt fram til våre dagar med eldrebølge og dei pressproblem som følgjer med.

*Til opninga av Os Gamleheim den 4. januar 1962 hadde Aagot Aamot skrive ein prolog som vart framført på vigslingsfesten. Her er nokre av versa:*

Rundt om i det deilige lannet vort  
bygges der hjem på hjem  
for gamle, som ofte lider den tort,  
at ingen har plass for dem!  
De unge vil helst bli besværet kvitt -  
sier ofte krænkende ord  
og glemmer hvor far og mor kann ha stritt  
i lange og slitsomme år.

Ingen har plass! Hør! der strømmer ut  
toner som hulken og stønn!  
toner i tvil: Har du glemt oss da Gud!  
toner i inderlig bønn.  
Også *her* blev de hørt. I kjærlighet  
blev tusen på tusener gitt,  
så Osbygd i dag har en fredfull plett,  
hvor de gamle tyr inn med sitt.

Som *solstråler* smelter *stivfrossen* jord -  
slik mykner et stivnet sinn  
for smil og lysstreif og kjærlige ord,  
hvis de trenger til *sjelen* inn.  
Et omplantet tre kann vokse sig stort  
under kyndig og varsom hånd.  
Livslov er vekst. Blir alt ondt ryddet bort,  
er der grobunn for sjel og ånd.

# Lysøen - kultursentrum og turistattraksjon

av Henning Henriksen



Arve Tellefsen, Carl O. Gram Gjesdal, Vebjørn Andvik. (Foto: Kåre Dalland.)

I utkanten av Os kommune ligg Lysøya - ei øy som er overgrodd av norske og utlandske tre og buskar, men mellom tre og buskar snirklar stiane seg oppover til dei høgaste toppane, og nede ved sjøen står gamle vestlandske plasshus, låge og raudmåla.

Går du vegen oppover frå desse husa, kjem du til eit hus som ikkje høyrer heime i vår vestlandske byggeskikk - eit hus med spir og løkkuppel. Det er Lille Alhambra. Det er den heimen Ole Bull reiste for seg og den unge kona si Sara i 1870-åra. Her var han saman med kona og dottera Olea kvar einaste sommar, og her døydde han i 1880. Både Sara og Olea døydde før den første verdskrigen, og det var dotterdotter til Ole Bull, Sylvea Bull Curtis som fekk Lysøen i arv. Ho tok godt vare på eigeidomen, og i 1974 gav ho den til Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Den bergenske avdeling.

## Konsertsalen på Lysøen

Det er vel vanskeleg å finna ein konsertsal med betre akustikk enn salen på Lysøen. Her har Festspillene halde sine intimkonsertar frå 1974, og mange trur og seier at Lysøen er berre festspel. Dette er nok langt frå sanninga, for i dag vert det halde konsertar frå tidleg i mai til ut i oktober. Mange av desse konsertane er private og ikkje opne for det store publikum. Det er lag og organisasjonar som tek kontakt med leiinga på Lysøen og avtalar at dei ønskjer å ha ein konsert der. Salen har sitjeplass til vel hundre menneske, og noko av det fine ved denne salen er at du høyrer mest like godt om du sit heilt framme eller langt bak.

## Musikken på Lysøen

Det har lenge vore ei uskriven lov her at musikken som skulle framførast burde vera av Ole Bull eller hans samtidige. I det siste

har ein gjerne meir følgt eit anna prinsipp. Ein skulle helst spela musikkstykkje som Ole Bull og dottera hadde samla her. Her finst nemleg ein rikdom av noteark frå eldre tid på Lysøen. På mange av desse arka står det opplysningar om når stykket vart framført, og om kven som spelte.

Berit Høgheim, dagleg leiar på Lysøen fortel at dei no held på med registrering av alle notane i Ole Bulls samlingar. Dette er eit stort, vanskeleg og tidkrevjande arbeid, og det hadde nok vore endå mykje vanskelegare om dei ikkje kunne få råd og hjelp av Ole Bull-spesialisten framfor nokon, Carl O. Gram Gjesdal. Han er som eit levande oppslagsverk når det gjeld Ole Bull, livet hans og musikkens hans, og han har i mange år vore fast konferansier på dei aller fleste konsertane på Lysøen. Ja, han er mykje meir enn ein konferansier når han på sin lune og gripande måte fortel oss om Ole Bull - denne store kunstnaren og fantastiske og fantasifulle nordmannen som vart kjend og elska over heile verda..

### **Musikarar og musikkinstrument**

Mange kjende musikarar har halde konsert her i dei siste åra, og ein av dei er Arve Tellefsen som av mange vert rekna for vår fremste fiolinist i vår tid. Det er ei stor musikkoppleving å høyra Arve Tellefsen spela på Ole Bulls eigen fiolin. Denne fiolinen som er over to hundre år gammal, vert teken godt vare på og er eitt av høgdepunkta under konsertar på Lysøen. Dei fleste spelar helst berre eitt eller to nummer på Ole Bulls fiolin, men Davis Stewart, konsertmeister i Harmonien, har spelt ein heil konsert på den.

På konsertane er samspelet mellom fiolinist, pianist og konferansier særskild viktig, og fleire av våre mest kjende pianistar har vore gjester her som Kåre Ørnung, Audun Kayser og i seinare tid den unge Vebjørn Andvik.

### **Samarbeid med andre lag og institusjonar**

Gjennom mange år har det vore eit nært og godt samarbeid mellom Harmonien og Lysøen, noko som utan tvil har vore til glede for begge partar. Det seier seg sjølv at Ole Bull Akademiet på Voss har vore interessert i kontakt med Lysøen, og musikarar derifrå har fleire gonger halde sine konsertar der.

Av andre samarbeidspartnarar er det naturleg å nemna dei store hotella i Bergen og ikkje minst Solstrand Fjord Hotel i Os. Om sommaren er her omvisningar for turistar til faste klokkeslett kvar dag, og dessutan kan grupper få omvisning etter nærare avtale.

Berit Høgheim gleder seg over samarbeidet med Bjørnefjorden Reiselivslag, for ho trur at det kan gjera kulturtilbodet frå Lysøen meir kjent.

Ho nemner elles det gode samarbeidet med skular og barnehagar i Bergen og Os. I dei siste åra er det utarbeidd eit opplegg som høver godt for dei yngre aldersgruppene. Og i vanlege år kjem mange slike grupper til Lysøen om formiddagen, men no siste vår var det færre slike grupper, noko som ho trur kjem av buss-streik og lærarstreik.

### **Hundeklubb og bispedømmeråd**

Det er utruleg kor mange ulike lag og organisasjonar det er som i dei siste åra har oppdaga og teke i mot kulturtilbodet frå Lysøen, og som har hatt sine egne konsertar her. Blant desse finn du både bispedømmeråd, kommunar, sjøspeidarar, psykologar og hundeklubar.

Det ser såleis ut til at både bergensarar, osingar og folk elles frå inn- og utland no har oppdaga Lysøya med den staselege heimen Ole Bull bygde seg der. Men i Os saga finn me berre desse to setningane om øya: «Lysøy vart seld til ein bygselmann som atter selde øyi til Ole Bull. Han bygde seg heim på øyi.»

### **Ein god arbeidsplass for unge osingar**

Om sommaren er det høgsesong på Lysøya, og då vert arbeidsstokken auka sterkt. Det ser ut til at dei som først har fått ein fot innafor her, gjerne vil koma att som omvisarar neste sesong. Det er helst studentar frå Os som har slike sommarjobbar. Fleire av dei studerer språk, og her får dei praktisera både engelsk, tysk og fransk. Slike sommarjobbar er svært populære, og at dei unge bunadskledde omvisarane gjer inntrykk på gjestene, er det ikkje tvil om.

Eg har sjølv hatt gleden av å vera med på fleire omvisningar, og det har slått meg kor naturleg og fint dei unge omvisarane fortel om Ole Bull og Lysøen. Denne sommarjobben vil utan tvil vera ei god trening for framtidig yrke, anten dei no går inn i reiselivet eller dei hamnar bak kateteret.



# Neven

(Jimmy Øvredal)

Eg går gjennom lyng og bregner, og kjenner ei hand i mi;  
– kjenner kor fingrar klemmer seg trygge og faste i.  
Eg kjenner den vesle krafta som ligg i ei barnehand  
som fylgjer meg blindt i truskap inn i eit ukjent land.

Neven er veik og liten, men trua er sterk og stor,  
og morgonen full av glade og enkle små barneord.  
Sola står høgt, og blommar står raude på barnekinn  
mens bitte små støvlar tassar ved sida av foten min.

Undrande, rare spørsmål om biller og blom og bær  
trillar or barnemunnen, som boblar og syng og ler:  
– Kvifor er bæra raude når blomen er kvit som snø?  
Og kven har sett lange venger på fuglar og furefrø?

– Kvifor står bjørka naken mens me trengje' vottar på,  
men kler seg i grøne trøyer når folk hive' kleda tå?  
Men besten, – sjå kvite myra som ropar forutan ord,  
og gaper med svarte munnen sin – stappande full av jord.

Og besten, – må hjorten grina når kalven blir skoten frå?  
Men kvifor er vinden sterkast når nymånen ligg på skrå?  
Og korleis kan mauren finna tilbake til tua si?  
Er det eit fjell som pustar når vinden tek kraftig i?

— — —  
Heimatt i gråe kvelden stilnar ein barnemunn,  
og undrast på mangt og mykje før augo får natteblund.  
Men der under stjernekvelden kjenner eg grepet i  
ein veldig, usynleg *neve* som fylgjer ved sida mi.

Store og trygge hender er gode å halda i  
både for små og store mens dagane rek forbi.  
Utan ei hand ved sida – med krefter som tryggjer deg,  
kjenner du deg åleine bortanfor stig og veg.

# BARNESIDER

av elevar i klasse 5B, 6A og 6B ved Kuventræ skule




## Kongens gullgutar!

Tre gutar som heiter Per, Pål og Peter gjekk på epleslang. Medan dei sto og åt i hagen kjende dei ein merkeleg følelse inni seg, dei sto som statuer og kunne ikkje bevege seg, og ikkje snakke. Dei såg på kvarandre, dei var av gull!!!

Dagen etter kom kongen med sin store limousine, og fekk auge på statuane. Han hoppa ut av bilen og sprang bort til huset og banka på døra. Døra gjekk opp, og i døra stod ei gamal og ekkel kjerring, augene lyste raudt og over hovudet svedde ei stor og svart flaggermus! Kan eg få kjøpe statuane som står ute i hagen for 10.000 kr.?, spurde kongen forsiktig. Javel, men ta først eit eple og et det bit for bit. Då kan du ta alle statuane med deg heim! Tusen, tusen takk! GÅ NO!, brølte kona! Då han skulle til å ta eit eple, såg han mistenksam på den eine statuen. Augene gjekk fram og tilbake. Det tolka han som ein advarsel mot å eta eplet. Tilfeldigvis hadde han eit eple i lomma. Han let som om han åt eit eple som var på treet, men åt sitt eige istadenfor. Då heksa såg at eplet ikkje verka blei ho så sint at ho sprakk i tusen bitar! Når dette skjedde, byrja dei tre gutane, litt etter litt å forvandle seg til vanlege menneske igjen, og gullet sprakk av gutane og blei liggjande på bakken. Eplet dei hadde i handa var framleis av gull!! Gutane ga dei tre gullepla til kongen og sa: Desse gullepla skal du ha for at du redda oss frå den vonde hekse. Som takk for desse epla skal eg køyre dykk heim. Vi har ikkje nokon heim, sa gutane trist. Kom og bu hos meg, sa kongen. – Tusen, tusen takk sa gutane. Dermed køyrde alle fire heim til kongen. Aldri meir gjekk gutane på epleslang, for no får dei nok mat heime hos kongen!

Snipp, snapp, snute,  
så var den vonde hekse ute!

## REBUS



Svar på side 19.

## Møsnuken

Vi var på Møsnuken ein dag.  
6 A og 6 B i lag.  
Det var ein lang og slitsom tur,  
men det gjekk jo bra for vi er så lur.  
På oppstigningen vart vi sveitte,  
men på toppen vart vi gode og mette.  
På toppen fann vi ein rar vekst:  
«Smarties» stod det med fin tekst.  
Toppen var jo heilt topp og nedover for vi i  
full galopp.

(Dette diktet vart laga etter at vi var på fjelltur på Møsnuken i haust. Og «Smarties» var ein godbit som frøken hadde lagt ut til oss.)



## KVA ER RETT VEG?



## GÅTER!

- 1: Kor lenge søve ein hest?
- 2: Kan du slå eit glas mot treet utan det går sundt?
- 3: Veit du den beste måte å lage eit bål med to pinnar?

3. Ja, hvis du syter for at den eine er fyrstikk.

2: Ja, treet toler det nok.

1: Til han våkner.

SVAR:

## GOD JUL OSINGAR!

Ole Bull bles i Lyshornet  
og vekker heile Osbygda:  
God morgon, godtfolk!  
God jul!  
Møsnuken reiser seg i skodda  
og ser utover riket sitt.  
Han helsar til alle heimane  
som er helgepynta.  
Lars me' sjødn har dampa vadmelsbroka,  
og Madam Ane har stiva stakken.  
Oselvo krusar seg i ein smil,  
men stundom buldrar låtten –  
der ho valsar ned gjennom dalen,  
– og rett i fanget til Bjørnefjordsbesten.  
Takk for alle gåvene!  
For ei fin bygd vi har fått!


## FEM SPØRSMÅL OM OL

- 1 Dei to barnefigurane som skal vera kjen-  
neteikn for OL på Lillehammer heiter:  
a) Smørbukk og Trond  
b) Håkon og Märtha  
c) Håkon og Kristin
- 2 Sjefen for OL på Lillehammer heiter:  
a) Einar Førde  
b) Ørnulf Ørn  
c) Gerhard Heiberg
- 3 Staden der OL skal opnast heiter:  
a) Stampesletta  
b) Stomperud  
c) Kleveland
- 4 Museet på Lillehammer heiter:  
a) Apriltoppen  
b) Maihaugen  
c) Junibakken
- 5 Skiløparen som skal vera OL-symbol er  
inspirert av:  
a) Helleristning og birkebeinar  
b) Kniv og gaffel  
c) Grantopp og skitupp.

Svaret finn du på side 19



## KVA ER RETTE VEGEN?



Kan du hjelpe Smørbukk  
rette vegen ut?


## Dikt:

Kvifor mobbar dei meg?  
Har eg rare kler?  
Eller er det fordi eg ikkje er populær?  
Nei, alle veit nok at det er fordi eg kjem  
frå eit anna land og at eg ikkje har same  
hudfarge. Men gjer det noko?

## Vitsar:

- Har du telefonnummeret til Jens?
- Nei men eg kan ringe til han og spørje.

—  
- Huff, som folk oppfører seg i trafikken  
Å? Eg var vitne til ein som køyrde vanvit-  
tig fort på E 18. Det var med naud og neppe  
eg klarte å pressa meg forbi.



Sett inn alle tala mellom 4 og 13 utanom  
eitt tal i dei ledige rundingane slik at  
summen av alle sidene blir 36. Tre av tala  
er alt på plass. Svar på side 13.

# Scener frå teatersoga i Os før «Fritio»

Av Erik Vangsnes

Denne artikkelen er ein del av det historiske kapitlet i mi hovudfagsoppgåve i etnologi «"No ska de få da!" -ein analyse av bygderevyens estetikk», levert våren 1992 ved Universitetet i Bergen.

Før Fritio vart skipa i 1978 var det ungdomslaga som sto for det meste av teateraktiviteten i Os. Det første frilynde ungdomslaget i Os vart skipa i Os-krinsen vinteren 1890-91. Leonard Næss og Olaus Alvestad var mellom dei som gjorde opptaket til laget. Næss var utdanna prest og ihuga målmann. Han var styrar for Nordhordland Fylkesskule som heldt til på Os i desse åra. Alvestad var lærar ved same skulen. I desse første åra vart det halde lagskveldar på søndagane med foredrag, fleirstemt song, opplesing og leik.

Særleg dette med leik vekte reaksjonar:

Det var noko heilt nytt må vita, og desse leikane som jamnast var: "å gå på brannvakt", "veva vadsmål" o.l. vart nemnde utyver bygdi som «dancing og turing på alle måtar».

Det bygde seg opp til strid mellom den pietistiske delen av kyrkjelyden og ungdomslaget. Pietistane tykte det var særleg ille at Næss var prest og til og med vikarierte for Os-presten. Aktiviteten i laget døydde ut etter at lærarane ved fylkesskulen flytte med denne. Ikkje før i 1916 kom arbeidet i gang att. Denne gong på initiativ frå soknepest Andreas Åmot som òg vart den fyrste formannen i laget.

Det første ungdomslaget hadde sett spor etter seg òg i andre grender enn Os-krinsen. I Hegglandsdalen vart det alt vinteren 1891-92 skipa ordskiptelag og songlag. I 1893-94 vart desse slegne i hop, og Hegglandsdalen ungdomslag såg dagens ljøs. Aktivitetane var dei same som før nemnd i Os ungdomslag, men ein kom tidleg i gang med eige lagsblad. Dette vart heitande "Dølen".

## Første skodespelet


Me veit lite om teaterarbeidet i desse før-

ste åra. Det første spelstykket som lagssoga til Hegglandsdalen ungdomslag fortel om, er oppføringa av "Eit gjentelag i kvithaugen" i 1907. Same året skal ungdomslaget i Søre Øyane ha ført opp "Ervingen" av Ivar Aasen på 17.mai. Dette ungdomslaget vart skipa i april same året.

I Hegglandsdalen vart skodespela truleg spela i skulehuset der laget hadde møta sine frå 1904 og utover. Spelstykke vart øvde inn og spela til julefestane i ei årrekke frametter. I 1924 var dei på tur til Os og Eikelandsosen med "Ei sjelfengd kjer-ring" av Hans Mo. Hegglandsdalen ungdomslag innvigde eige lagshus "Dølatun" i 1925. I samband med vigslfesten vart "Rationelt fjøsstell" av Hulda Garborg spela. I 1928 vart det halde olsok-stemna for heile bygda i Hegglandsdalen og laget synte fram spelstykke.

I 1933 sto Hegglandsdalen ungdomslag for den første revyen spela i Os. Revyen "Hei du gamle osing" var eit stort løft. Mykje arbeid vart lagd ned i å laga kulisser, bakteppe, rekvisittar og kostymer. Mest heile ungdomsflokken i dalen vart mobilisert og ein måtte i tillegg søkja hjelp utanfrå. Revyen vart synt 6 gonger. Overskotet vart delt mellom ungdomslaget og hornmusikklaget. På tredvetalet var det stor interesse for teaterarbeid i Hegglandsdalen og lagssoga fortel at det vart spela både 3 og 4 stykke for året og stykka vart gjerne spela fleire gonger. Laget var i aktivitet dei to første krigsåra, men la ned arbeidet til liks med andre ungdomslag i bygda ved den tvungne "nazifiseringa" av Noregs ungdomslag vinteren 1941.

Dei andre ungdomslaga i bygda hadde òg framsyning av skodespel og Os ungdomslag var særleg aktivt. I 1923 spela dei "På heimegrunnar" av Jenny Arnesen på det første Olsokstemna på Lysekloster. Dei førte mellom anna opp "Den pantsatte bondedreng" av Ludvig Holberg ikring 1925 og hadde si glanstid fram mot 1940.



Balletten "Orientalisk dans" frå Os-revyen i 1935.

I ungdomslaga vart det spela skodespel ved visse større festar i laga som romjulsfest, sláttegrautfest og haustfest. I samband med turar i laget vart det spela teater ved gjesting i andre ungdomslag. Det var òg vanleg at ein ved visse høve var representert på større ungdomslagsstemne med ei teaterframsyning.

Spelstykke var ikkje einaste teaterforma som vart spela i ungdomslaga. I Hegglandsdalen vart det eit år på julefesten spela tre tablå: "Tørnerose", "Hans og Grethe" og "Ondt ofte lider den fiskermand". Desse vart truleg spela etter trykte tekstar, slik som spelstykkka, men det skal òg ha vore vanleg å spela sketsjar dei laga sjølve ved slike festlege samkomer. På dei større festane i ungdomslaga var det vanleg med seriøse innslag som prolog, opplesing og tale attåt meir underhaldande ting som allsong, skodespel, leik og dans. Andre festar som korgafestane hadde gjerne eit mindre høgtidleg og lettare program. På lagskveldane var song, innleiing til diskusjon, opplesing, deklamasjon og leik det vanlege innhaldet. Ein og annan gongen vart det på desse kveldane òg spela sketsjar.

#### **Os ungdomslagssamskipnad**

Os ungdomslagssamskipnad, skipa i 1922, fekk mykje å seia for teaterarbeidet i bygda. Samskipnaden sto for årvisse ung-

domslagsstemner ved olsoktider i åra 1923-1934. Stemna gjekk på omgang mellom dei ulike krinsane. Her var det fast programpost å syna fram eit spelstykke og laga bytte på å spela frå år til år. På stemnet i 1933 vart det samla skodespelarar frå ulike lag, og instruktør Johannes Øvretveit vart henta inn frå Komediateateret i Bergen. Samskipnaden tok fleire slike initiativ og fekk med dugande instruktørar, som mellom andre Lars Nygard og Tove Bryn Haaland.

Instruktørar var ein ikkje van med å ha, korkje til spelstykke eller revyar, i staden instruerte skodespelarane kvarandre. Seinare vart det til at dei meir røynde skodespelarane stod for instruksjon. Lars Kristiansen hadde ei slik rolle i Os ungdomslag etter krigen, sameleis Nils Th. Øvreeide i Hegglandsdalen ungdomslag.

#### **Teaterarbeidet utanfor ungdomslaga**

Det vart òg spela teater i andre lag enn i ungdomslaga. Losjen "Midthordland" i Os-krinsen øvde inn spelstykke og sketsjar i samband med program til festar. Losjen var særleg aktiv i 20 og 30-åra.

I 1934 tok Os musikkforening og Os turnforening initiativet til den første Os-revyen "No ska' de få da". Desse laga stod for revyar både i 1935, 1936 og 1938. Revyane vart svært populære og gav store inntekter til

dei to foreningane. Fjellheim, forsamlingshuset til dei to foreningane, brann hausten 1936 og difor vart det ikkje nokon revy i 1937. Ved viglslefesten til det nye "Fjellheim" i 1938 vart stykket "Til seters" av C.P. Riis synt. Mykje arbeid var lagd ned i førebuinga og ein hadde mellom anna fått låna rekvisittar frå DNS i Bergen. Dei same laga sto òg for kabaréar, mellom anna i 1941, der musikken hadde ein viktig plass, men der det òg vart spela sketsjar og sunge viser. Under krigen vart det òg spela eit eventyrskodespel i Fjellheim. "Den falske prinsen" var skriva av osingen Lars Bastiansen og måtte først gjennom den tyske sensuren.

I 1932 vart det skipa arbeiderungdomslag i Os. Dette laget hadde òg skodespel og teaterunderhaldning på programmet i festlege lag. I 1936 laga arbeiderungdomslaget sin eigen revy "Rundt omkring". Dei fekk ikkje lov til å spela revyen i Fjellheim og måtte i staden spela på loftet i ei handelsbu på Osøyro, der dei elles hadde møta sine. Dei turnerte òg til andre ungdomslag i bygda med revyen.

Felles for både losjen, arbeiderungdomslaget, musikk- og turnforeninga var at dei gjorde nytte av ungdom med teatererfaring frå dei frilynde ungdomslaga. Det var mykje dei same ungdomane som gjekk att i dei ulike laga, særleg då i sentrums-krinsen. På same tid var det ei viss tevling om publikum mellom laga. Særleg kom dette fram med dei to revyane i 1936, men trass i ufred arrangørane imellom var det aktørar som tok del i begge framsyningane.

### Teaterarbeidet i Os etter krigen

Då arbeidet i ungdomslaga vart teke opp att etter krigen, var aktivitetane dei same som før. Det vart igjen spela sketsjar og spelstykke. I 1949 gjorde t.d. Hegglandsdalen ungdomslag stor lukke med "Folk og fant" av Jostein Nådland på Hordastemnet som vart skipa til på Hauge i Os det året. Men ut over på 1950-talet ser interessa ut til å dabba av mange stadar. Os ungdomslag halta alt i dei fyrste etterkrigsåra og arbeidet låg lenge mest heilt nede. Sundagsmøta deira møtte hard tevling om ungdomen frå Os kino, som samla fulle hus utover på femtitalet. Dei større festane gjekk derimot betre. I andre samanhengar som t.d. dei store mønstringane av lokalt næringsliv i 1949 og 1959 ("Os-



*Os ungdomslag si framføring av "Den pantsatte bondedreng" av Ludvig Holberg ikring 1925.*

mønstringa"), var det kulturelle program med sketsjar.

Både på 1950-talet og på 1960-talet var det lita interesse for ungdomslaga, og særleg vart det vanskeleg å halda oppe den gamle møtekulturen. Dei tradisjonelle festane har det truleg vore lettare å få folk med på, særleg i dei mindre grendelaga. Den seriøse og folkeopplysande delen av programma vart mindre vektlagd enn før. Skodespel har nok vore ein del av underhaldninga her heile tida, men det er langt mellom dei gongane ein har satsa noko større på teater. Unntak har det likevel vore. I 1954 vart "Den falske prinsen" spela av Os ungdomslag og i åra 1955-60 gjorde ungdomslaget "Havglimt" i Nore Øyane lukke med sine revyar. Laget turnerte både til Austevoll og Fitjar med desse .

Då så ideen om å ta opp att tradisjonen med Os-revyar vart realisert i 1978, kom fleire av dei som hadde vore med på 1930-talet, inn i arbeidet. Med Fritio vart det ny kveik i teaterarbeidet. Eit møte mellom tradisjon og ungdomleg skaparevne skulle koma til å setja Os på kartet som ein stad der lokalkulturen blømer trass i press frå bykulturen og eit aukande underhaldningstilbod gjennom media.

### Kjelder:

Hauge, Anders "Lagsarbeid i Os", Bygdesoga for Os, 1980.

Ungdomslagsarbeidet i Hegglandsdalen 1894-1925, Jubileumsskrift Hegglandsdalen ungdomslag 1925.

# Farvel til emigranterne

av Elias Hansen

*Langt bort fra Norge dit fødeland  
til fjerne, fremmede kyster.*

*Du reise skal over salten vand  
og prøve havgudens dyster.*

*Din fædredal  
saa stille, sval,*

*fra den du agter at drage.*

*Du slægt og venner forlade skal  
og aldrig vende tilbage.*

*Du vil forlade den grønne vang  
indunder birkenes kroner.*

*Der, hvor som barn, du saa ofte sang  
de kjære, hjemlige toner.*

*Sig! Er den vang  
dig nu for trang?*

*Kan den ei rumme din kiste,  
naar endt er jordlivets tunge gang  
og øiet mødigt vil briste?*

*O, tungt at skue sin slægt sin ven  
henover havet at drage;  
og staa saa ene forladt igjen.*

*Dog – noget har jeg tilbage.*

*I Norges favn  
der er min havn,*

*fra den jeg aldrig vil flytte.*

*Skal jeg end kjæmpe mod nød og  
savn*

*indunder straatækket hytte!*

*Modtag da venner min afskedssang:*

*Farvel min søster og broder!*

*O, lad mig trykke – for sidste gang –  
i favn – min elskede moder!*

*Saa drag da hen  
min slægt og ven!*

*Gid Herren med Eder være!*

*Maaske vi sees ei mer igjen.*

*Farvel, farvel, da I kjære.*

100 - åringen

## OS UNGDOMSLAG

1890–1990

Er du glad i å dansa? Hå oss får du  
svinga deg i norske og utanlandske  
folkedansar og litt nyare dansefor-  
mer.

Vi driv dessutan barnelagsarbeid og  
andre former for lagsarbeid.

Sjå lysing i OS & FUSAPOSTEN.

*Velkommen til å vera med  
oss i arbeidet vårt.*

SVAR PÅ KVEN ER LIKE: Nr. 1–12.

SVAR PÅ REBUS: 1.: Februar.  
2.: Oktober.  
3.: Fredag.

SVAR PÅ 5 SPØRSMÅL OM OL:

1c, 2c, 4b, 5a.

Levert av

ROSESPESIALISTEN

Lunde's Gartneri

5220 Hagavik

Telefon (05) 30 50 45 - Telefax (05) 30 63 40

*Buketter og dekorasjoner*

# OS TURLAG

Av Gudrun Heggland



Turlaget blei starta i 1987 av: Wenche Bettum, Martha Norheim Auganes, Stein Størkson og Gudrun Heggland.

Vi hadde lenge gått med tankar om å starta eit turlag. Ein har ofte for vane å gå oppatt dei turane ein kjenner best, men med eit turlag er det lettare å finna nye vegar, treffa nye menneske og få nye vener og opplevingar. Så vi sette i gang. Den 10. mars 1987 var det skipingsmøte på Os Folkebibliotek. Nils A. Sørensen og Eilif Andersen frå Bergen Turlag møtte og informerte oss om Bergen Turlag. Mange av oss var medlemmar av den Norske Turistforening og det første året hjelpte dei oss med å betala for annonsene våre.

Første turen var ein tysdagstur, då møtte det berre fire deltakarar, men det auka på etterkvart det vart betre kjent. I 1987 var det 364 personar med på tur, i 1991 var det i alt 1557 som deltok, fordelt på 79 turar, så det har auka heile tida.

Vi har no gått på alle åsar og fjelltoppar i Os og på mange i grannebygdene. På søndagane går vi lange turar, mens tysdagsturne varer ca. 3-4 timar. Vi har vandra på attgrodde stiar og oppdaga nye. Her er ei fantastisk natur i Os, frå lune øyar og sund, skogar og åsar til høgfjellet på Svinningen, dette er ein fin måte både for osingar og innflyttarar å bli kjend i bygda på.

Interessa for alle dei vakre villblomane våre er også vakna. Botanikar Anders

Sundby har teke oss med på botanisering i Os, og han kjem att sommaren 1993. Turane vert endå meir hyggelege når vi kjenner blommar og tre. Om søndagane har vi ofte med oss barn, og dei likar å få vita namn på blommar og tre, fjell og øyar, dei likar seg ofte i lag med vaksne som har tid til å prata med dei og høyra på kva dei kan fortelja.

Ein gong vi var på Rødsfjellet var det 80 år mellom den yngste og eldste deltakar, det var to jenter, den eine 7 år, den andre 87, desse to kom først på varden. Flott.

I grannebygdene Fusa, Tysnes, Samnanger, Hålandsdalen og Fana har vi fått kontakt med folk som har teke oss med på flotte turar i sine bygder. Det er svært vellykka.

Hausten 1992 var vi 47 deltakarar på ein fem dagers tur på Bergsjø hotell. Turen bort tok vi over Aurland - Hol og heimatt over Hardanger-vidda. Det var vakre dagar i haustfjellet.

Det kostar ingenting å gå på turar med Os Turlag. Kvar haust har vi basar, og pengane som kjem inn dekkjer utgiftene våre. I år kjøpte vi mobiltelefon, dermed er vi tryggare om noko skulle gå gale. Vi har og planar om nye tilbod, både til barn og pensjonistar, men vi får sjå kva vi får til etterkvart.

I alle fall: Os Turlag ynskjer alle hjarteleg velkomne i laget!



*På Gråfjellet – Utsyn mot Vinnes-Tysnes.*



*Utsyn frå Rødsfjellet – Steindalen, Midtsæter, Øvredal.*

# EWOS forskningstasjon - for betre fiskehelse

av Henning Henriksen



*EWOS sitt landbaserte anlegg i Lønningdal.*

Inne i Lønningdal ved osen av elva har det i dei siste åra vakse fram noko nytt. Det eine huset har reist seg etter det andre, og ute på sjøen er det ei rekkje merdar med laks og regnbogeaure. Her har osingar og særleg folk frå Lønningdal funne seg ein ny arbeidsplass, noko som sårt trengst i ei tid med aukande arbeidsløyse.

### ***Kva er EWOS?***

Eigentleg er det ei mangesidig og omfattande verksemd med avdelingar mange stader i landet. Her i Lønningdal finn me truleg noko av det aller viktigaste i verksemda, for her driv dei ei utstrakt forskning av fôr og medisinar for oppdrettsnæringa, noko som alt har gjeve gode resultat. Her har dei teke i bruk dei mest moderne nyvinningane i oppdrettsnæringa, og her driv dei i dag forsøk med fôring og medisinerings av mange ulike fiskeslag.

### ***Samarbeid med opprettsanlegg***


Forskningsstasjonen i Lønningdal driv eit

utstrakt samarbeid med fiskeoppdrettarar over heile landet, men det er heilt naturleg at stasjonen har det aller næraste samarbeidet med anlegg på Vestlandet. Mykje av forskinga ved stasjonen er produktutvikling. Her prøver ein ut nye fôrtypar som kan hjelpe oppdrettarane til å betra fiskehelsa. Her legg ein grunnlaget for helsefôr, og ein har heile tida for auga at medisinerbruken må reduserast så mykje som råd er.

Forskarane gjer kva dei kan for å betra kvaliteten på fisken, men det er sjølv sagt viktig at fôringa vert så økonomisk som råd er, og difor gjeld det å finna fram til kva slags fôr og fôrmengd som kan gjeva størst tilvekst og avkastning.

Fargen på fisken tel dessutan med når den ferdige salsvara vert eksportert. Mange av kjøparane vil helst ha fisken fin og raud. Kanskje smakar raud fisk betre enn den bleikare typen? I alle høve forskar ein på dette området.





*Glade laksar i Lønningdal:*

*Driftsleiar Rune Engevik, stasjonsstyrar Aage Melstveit og Stein Engel Lønningdal.*

### **Lakselus - ein fiende for oppdrettsnæringa**

Både stasjonsstyrar Aage Melstveit og driftsleiar Rune Engevik reknar lakselusa som den største fienden for norsk oppdrettsnæring, noko som har vorte endå tydelegare i dei siste vintrane då sjøtemperaturen har vore høgare enn tidlegare. For laksen i merdane synest lakselusa å verka stressande og irriterande. Ja, for ein amatør kan det synast som om lusa får laksen i dårleg humør, noko som går sterkt ut over trivselen. Denne oppbløminga av lakselus i dei milde vintrane har gjort at EWOS satsar endå meir på denne forskinga, og stasjonen har i dag ein forskar på heiltid på dette prosjektet.

For ei tid sidan kunne pressa fortelja at ein no hadde teke i bruk leppefisk i kampen mot lakselus, og sidan leppefiskar som grøngylt og raudnebb var dei første fiskane eg som gutunge klarte å fanga, spurde eg om leppefiskane verkeleg kunne gjera nytte for seg i laksemerdane. Rune Engevik kunne då opplysa meg at dei no dreiv eit forsøk med dette, og at det hadde synt seg at grasgylt og grøngylt gjorde mest nytte for seg og var flinkast i dette arbeidet, medan raudnebb og blåstål var for passive og late.

Dei har no om lag 3000 leppefisk gåande i merdane saman med laksen, og så langt synest dei å ha gode røynsler med dette forsøket. Den første tida fanga dei leppefisk langs strendene i Lønningdal, men no må dei kjøpa leppefisk frå andre stader. Dei treng

nemleg stadig fornying av leppefisk, for ein del av denne fisken dør i merdane.

### **Strengt krav til rutinar**

Skal forskinga kunna gjeva sikre resultat til gagn og glede for oppdrettarane og for oss som et fisken, må det utan tvil setjast strenge krav til rutinane. Ikkje noko må skje tilfeldig. Her verkar alle ting nøye gjennomtenkt. Her vert det teke prøver til faste tider, her vert det ført nøye journal over alt som skjer. Reinhaldet er særskild viktig, og går du frå anlegget i sjøen opp til prøveanlegget og laboratoriet på land, må du skifta sko. Det same må du gjera om du går frå smoltanlegget til laboratoriet. Rutinane skifter frå fiskeslag til fiskeslag. I Lønningdal er det helst laks og regnbogeaure ein driv forsøk med, men stasjonen tek dessutan på seg oppdrag med kveite og piggvar, fiskeslag som truleg vil kunna verta svært viktige for oppdrettsnæringa i framtida.

Ein gjer forsøk med oppdrettsfisk frå 0,02 til 3-4 kg. Då eg var innom stasjonen, var dei i gang med eit større fôringsforsøk med piggvar, ein fisk som ikkje er så vanleg i Bjørnefjorden, men som smakar like godt som kveite. For meg som berre har hatt glede av å fanga eit par piggvar på tre-fire kilo, var det underleg å sjå desse ørsmå gryna som sumde kring i kara, og som etter det eg fekk vita, voks helst utruleg fort.

### **Utklekking og føring av laks**

I store kar såg eg laksesmolt symja rundt

og rundt. Alle såg ut til å vera nokolunde jamnstore, og eg spurde då om det ikkje var smolt som voks raskare enn andre. Rune Engevik kunne då fortelja at dei med jamne mellomrom sorterte i smoltkara slik at fisken skulle ha ein så jamn storleik som råd var. Elles syntte forsøket tydeleg at det er den sterkaste som overlever blant laks som blant andre dyreslag.

Lakserogna vart lagt ut i januar, og klekkinga skjedde i februar-mars, og ein tok til med føring i mars-april. Det såg ut til at smolten var i god form, og han tok godt for seg av føret. Vekta hadde auka sterkt, og alt syntest å vera i god gjenge og under full kontroll.

### *Fôrproduksjon og sal av fôr og fisk*

EWOS har hovudkontoret sitt på Lørenskog. Fôrfabrikken ligg i Florø, og der har dei i dag 35-40 tilsette. Dessutan har dei salskontor i Bergen, Haugesund, Molde og Trondheim, og dei driv sal nordover i Nordland. Ved fabrikken i Florø har dei i år oppretta ei ny medisinproduksjonsline som dei har store voner til.

Fôrproduksjonen i EWOS har auka mykje

i dei siste åra, noko som vel i høg grad heng saman med betra kvalitet, og nettopp her er det nok at forskningsstasjonen i Lønningdal har gjort sin største innsats.

I Lønningdal har ein i dag ein produksjon av 250.000 smolt, men ein sel ikkje smolt. Føremålet med smoltproduksjonen er forskning og oppdrett av matfisk i eige anlegg, der ein i dag har ein matfiskkonsesjon på 8000 m<sup>3</sup>.

Den matfisken ein produserer her, vert stort sett pakka og seld gjennom ei anna Osverksemd, Gje-Vi Røkeri A/S.

### *Samarbeid med grunneigarar og grannar*

Heilt frå første stund av har EWOS kjent seg velkomen i Lønningdal. Det har vore eit nært samarbeid med grunneigarane, og i anleggsperioden har mange frå grenda hatt arbeidet sitt her, og med den aukande utbygginga av stasjonen vil nok framleis mange verta sysselsette her. Folk synest å vera svært interesserte i kva som skjer, og det er mange som ønskjer å sjå seg om på anlegget.

Det verkar som om EWOS har makta å skapa ein god og triveleg arbeidsplass både for folk og fisk.

## **SPARING MED GARANTERT BONUS**

- gir både rente og bonus på sparepengane dine!

- Minste innskot er kr 1 000,-.
- Bonus vert rekna av det opprinnelege innskotet og vert lagt til konto kvart femte år med stigande proSENTSATS.

Renta, som for tida er 7% p.a., vert vurdert den 1. desember kvart år og ligg då fast dei neste 12 månader.

Etter 5 år får du  
**15% BONUS**

Etter 10 år får du i tillegg  
**30% BONUS**

Etter 15 år får du i tillegg  
**75% BONUS**

Etter 20 år får du i tillegg  
**100% BONUS**



**SPAREBANKEN**  **VEST**  
AVDELING OS

*Kraftleverandøren din*

**OS ELEKTRISITETSVERK**

---  
**TLF. 05 30 03 00**

*– gjeld også for feilmelding heile døgnet!*

Når målfolket skal ut å fara  
ja, kanskje heile verda sjå.  
Må dei først få rette vara.  
Billetter frå . . .



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. (05) 30 11 90  
TELEFAX (05) 30 27 01

**Når du treng BORD ELLER SENG  
ELLER EIN SOFA TIL HYGGE OG KOS**  
*Kom til møbelsenteret på Os*



Telefon: (05) 30 04 80

**Løysing  
på  
kryssord**



		FAR	EIT TAL		
DRIKK	K	A	F	F	I
					BOKS
FISK	H	A	I	EIT DYR	Ø
FUGL	S	T	R	U	T
DRIKK	T	E	G		K
	E		L		J
	R		E		E

**Osingar!**

*Dersom du ikkje alt er  
PAN-kunde, så bli det.  
Prøv våre reisetilbod,  
tenk miljø og økonomi.*

**PAN TRAFIKK AS**



*Me har alt det som du søker  
av skrivesaker og av bøker.*

**M.K.OLSEN**  
Bok og papirhandel

Os – ☎ 30 04 30  
Fax 30 29 80  
Flåten ☎ 30 03 10

*Blomar og plantar  
av mange slag,  
til kvardagsbruk  
og i festleg lag!*



**Halhjem Gartneri** 5227 Søre Neset  
Tlf.: 05 30 51 78 – Fax: 05 30 62 53

*Til kjøkken, bad og vaskerom  
har vi det meste, så berre kom  
og kjøp det du treng, vi installerar,  
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat (05) 30 02 55  
Kontor: (05) 30 15 83  
Mobil: 090 71461

Vil du ha ein festleg kveld,  
kom til Solstrand Fjord Hotel.  
Skal du feira bryllaupsfest,  
er vårt tilbud sikkert best.



---

---

Bli abonnent du òg!

---

---

*Her finn du  
SISTE NYTT  
om det som hender  
i heimbygda di!*

**OS & FUSA  
POSTEN**

Boks 272 - 5201 Os - Tlf. 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**A.s Os Fargehandel**

5200 OS - TLF. 30 03 80 - 30 14 72  
Avd. INTERIØREN - Tlf. 30 03 80

*Roser og  
dekorasjonsplanter*

**Erling og Terje Lunde's Gartneri**

5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28



ØSTLANDSKONSULT A/S

RÅDGIVENDE INGENIØRER

AVD. OS  
Bjørnegården, Postboks 29, 5201 OS  
Tlf. (05) 30 06 90 - Fax (05) 30 24 74

ØK er eit frittstående, rådgjevande ingeniørfirma med 10 regionkontor og 9 avdelingskontor.

Vi tilbyr rådgjeving og prosjektering innan fagområda:

– VAR-teknikk, byggteknikk, byggjeleing, feltutbygging, prosjektleing m.v.



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -  
CONTAINERSERVICE**

*Tek på meg all slags bosskøyning.*

Ring tlf. (05) 30 53 14 - 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. (05) 30 16 17

Mobiltlf. 090 67 935 - Mobiltlf. 090 51 831



*Skal du pusse opp?*

*Kjøp verktøyet nå!*

**P. M. SÆLEN & CO. A/S**

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok der du kan kosa deg med ei bok.

Me har også seng og bord, både for liten og for stor.

**Møbelservice  
på Søfteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

**DRANGE BRUK A/S**

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

TELEFON: (05) 30 92 92 - MOBIL-TLF. 090 68 248

5212 LYSEKLOSTER



Sag og høvleri

ALT TIL  
GUNSTIGE  
PRISER

TREFF **FOTO**

FOTO LABBEN I  
OS GLASSMAGASIN  
Flåten Senter - 5200 Os  
Telefon 30 11 69

### Times levering av fargebilder

Forstørring 15x20 og 20x30

Ferdige rammer i tre og metall.  
Innramming av bilder - maleri - posters -  
stramei - kunstbroderier etc.

OS  
**GLASSMAGASIN** AS

«Butikken med fantasi og miljø»

«Som regel først  
med det siste».

Forhandler for:

Hadeland Glassverk og Bing og Grøndahl (porselen).

# Fast sparing gir ekstra rente!

**9% rente frå første krone** dersom du sparer minst 5.000  
i året. 7% rente utan krav til sparing.  
Spør oss om **BonusSpar**.

**FOKUS** Bank

Blomar og planter  
i store parti  
me kjøper og sel  
frå vårt gartneri.

**as byssand**  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER  
**ARNE STRØNEN** 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

## OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Olav Fure

Nestleiar: Henry Lunde

Kasserar: Elfrid Moberg

Styremedl.: Reidar Bremerthun

Skrivar: Åsta Breili Underhaug

**Ta kontakt med eit av styremedlemene.**

# DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSELSKAP


Hos oss kan du få dekket dine totale forsikrings-  
og lånebehov.

**TA KONTAKT MED OSS!**



## GJENSIDIGE Vest

Os Tlf. 05 30 04 88  
Eikelandsosen Tlf. 05 58 15 20



*På Flåten Senter finn du alt  
frå moteklær til smør og salt.  
Der kan du gå i ro og mak  
og handla etter råd og smak.*

**FLÅTEN**  **SENTER**  
*...har alt!*

Tlf. 30 03 50